

Ludvig Munthe – gjesteprofessor frå Madagaskar

Han hadde sin barndom på Norges eldste bedehus, Hjelmeland, og fekk seinare impulsar frå bedehus og kyrkjeliv i Sauda.

Bedehusmiljøet i Ryfylke kan vera trongt, seier mange, særlig dei som står utanfor miljøet. Men det har aldri vore så trongt at blikket ikkje har nådd over fjell og fjord. Knapt noko bygdemiljø i Norge har sendt så mange misjonærar i forhold til folketalet som indre Ryfylke, heilt frå 1870 og til idag.

Ludvig Munthe er vitenskapsmann og professor, men fyrst og fremst er han misjonær. Etter evangelist- og distriktserfaring vart han i andre periode på Madagaskar plassert som lærar på presteskulen i Ivory. Det endra hans livskurs. Evangelisten frå bedehuset i Ryfylke vart konfrontert med spørsmål frå gassisk ungdom. Korleis fekk vi Bibelen? Spørsmåla vekte forskartrongen. Bit for bit vart utforska. Arkiv granska frå Madagaskar, Frankrike, England og Norge.

Etter doktordisputas ved Sorbonne i 1964 vart det nok eit undervisningsår på Madagaskar før han vart kalla til lærar ved Misjonsskolen i Stavanger. Skulen var då i oppbyggingsfasen til høgskule og trong vitskapeleg kompetanse. Her vart han i 10 år fram til 1977 då han tok imot kallet til professorat for misjonsvitenskap og religionsvitenskap ved Menighetsfakultetet. Munthes forskning og vitskapelege arbeid er lite kjende i Norge fordi det meste er knytta til Madagaskar og skrive på gassisk eller fransk. Parallelt med undervisningsarbeid i Norge har han halde fram med forskningsarbeid og årvisse arbeidsbolkar på Sol-skinnsøya. Ludvig Munthe har fått vera med å skriva nye kapittel av gassisk kyrkje- og kulturhistorie. Han har henta fram mykje nytt av gamalt stoff.

Som forskar har han sett verdien av gode arkiv. Parallelt med si professorgjerning ved MHS og MF har han leia arbeidet med å byggja opp arkivet for den lutherske kyrkja, eit norsk/gassisk arkiv. Etter Riksarkivet er dette det største og mest velordna arkiv på Madagaskar.

Dei første doktorgradar basert på forskning i kyrkjearkivet på Madagaskar er avlagt, to ved Paris-universitetet og to ved universitetet

på Madagaskar. Gassiske vitenskapsfolk er imponerte over den historiske redelighet som pregar arkivet til den lutherske kyrkja. Også dokument som kan verka kompromitterande for misjonærene er tekne vare på. Forskaren Munthe veit at kunnskap om alle sider er nødvendig for å forstå og skapa eit historisk korrekt bilete av utvikling og reaksjon.

Nå står den tradisjonsrike presteskolen på Ivory framfor overgangen til høgskolestatus. Som teologisk fakultet treng dei formell vitenskapleg kompetanse. Kva er meir naturleg enn å vende seg til den «gassiske» misjonsprofessoren som har hatt 25 års oppdrag i Norge? Professor Ludvig Munthe har teke imot utfordringa. I september/oktober i år blir han igjen å finna på Ivory.

Hjelmeland-aksjonen for MF må nok bli litt tidlegare på hausten enn vanleg i år. I snart 15 år har Ludvig Munthe teke studentar og professorar frå MF med seg til MF-weekend i indre Ryfylke, med Hjelmeland som sentrum. I takksemd mot dei impulsar han fekk frå landets fyrste bedehus, vender misjonsprofessoren og misjonæren attende til fødebygda kvart år. Men Hjelmeland representerer berre røtene nå. Misjonæren, forskaren og vitenskapsmannen har sin identitet frå og på Madagaskar. Difor har han vore ein «gassisk» gjesteprofessor ved MHS og MF.

Skal tru om han nokon gong får tid til å bli pensjonist i sin eigen bustad eit steinkast frå Misjonshøgskolen? Einaste grunnen måtte vel i så fall vera at han der har kort veg til Europas beste misjonsarkiv.

Frå norsk misjon og Den norske kyrkja takkar vi for tenesta og gratulerer med 70-årsdagen.

Bjørn Bue